

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan, ,
Tove Leinslie, Gudrun Folkedal – 2.vara,

Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid Stuhaug – tilsettes
representant, Øyvind Sandum under sakene 18, 20, 24 og 28,
Anbjørg Myhra Bergwitz under sakene 17, 19, 20, 22-26, 32.

Tid: **Torsdag 23.mars kl 10.00-17.00 (ca), fredag 24.mars kl 09.00-15.00.**

Stad: **Schous**

Det var i tillegg middag for både styre og administrasjon torsdag kveld. Der markerte vi at Jorun Hagen har vore tilsett i 25 år og at det er siste ordinære styremøtet for akkurat dette styret.

Referat

Styresak 2017/16	Innkalling og sakliste
Styresak 2017/17	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2017/18	Årets lokallag
Styresak 2017/19	INTROfolk
Styresak 2017/20	Offentleg publisering
Styresak 2017/21	Ny pris på Landskappleiken
Styresak 2017/22	Framlegg til saksframlegg for rekneskap 2015
Styresak 2017/23	Framlegg til saksframlegg for rekneskap 2016
Styresak 2017/24	Revidert langtidsplan med særskilde satsingar
Styresak 2017/25	Revidert budsjett 2017
Styresak 2017/26	Budsjett 2018 og 2019
Styresak 2017/27	Årsmelding 2016
Styresak 2017/28	Gjenomgåande medlemsskap
Styresak 2017/29	Godkjenning av saksframlegg om endring i tevlingsreglement
Styresak 2017/30	Godkjenning av saksframlegg om medlemspengar
Styresak 2017/31	Planlegging av landsmøtet
Styresak 2017/32	Eventuelt

Styresak 2017/16 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2017/17 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 18.januar 2016

- a. Rådgjeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Planlegging av dommarseminar i samarbeid med Hordaland folkemusikkklag og Sogn og Fjordane folkemusikkklag er i gong.
 - ii. Administrasjonen har delteke på ei rekke seminar under by:larm
 - iii. Har arbeidd med Frifond og delteke på seminar om Frifond.
 - iv. Delt informasjon til medlemmer og lag via ulike kanalar.
 - v. Vi har implementert ein søknadskalender på folkorg.no.
 - vi. Rådgjeving til ulike medlemsgrupper.
 - vii. Arrangert seminar om å söke showcase på Womex.
 - viii. Vi har delteke på seminar på NMH om deira studieportefølje, og har kome med innspel om at det bør vere fokus på helse, samt bransjekunnskap.
 - ix. Laga mal for söknad og budsjett til laga.
 - x. Seminar om spørjeundersøking i høve ei spørjeundersøking vi skal sende ut til heilårsarrangørar og festivalar.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
 1. Hatt møte med arrangørane av LK og LF om sommarens arrangement.
 2. Nye nettsider for LK og LF lanserast i mars
 3. Vi er i gong med vidareutvikling av tevlingsprogramvaren.
 4. Oppdatering av statistikk.
 - ii. Folkelarm
 1. Hatt møte med styringsgruppa.
 2. Evaluert fjorårets arrangement med ulike som har vore involvert.
 3. Arbeidet med å få på plass juryar i gong.
 4. Har annonser for Folkelarm i ulike aktuelle magasin.
 - iii. Nordisk folkemusikkomité samarbeider om å arrangere ein barne- og ungdomscamp i Finland, der vi sender ein lærar og fire ungdommar.
 - iv. Vi var til stades under Showcase Scotland for å sjå på eit mogleg samarbeid.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Nr 1 er sendt ut.
 2. Annonsesalet for nr 1 gikk bra.

3. Vi har hatt ein vervekampanje gjennom å sende ut magasinet til tidlegare abonnentar.
 4. Vi har hatt ein fotokonkurranse for å markere at Folkemusikk er kome med på innkjøpsordninga til biblioteka.
 - ii. Vi har nye spelelister på Slåttify.no.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
- i. Vi har hatt fleire møter med musikkseksjonen i kulturrådet, tema har vore INTROfolk, driftstilskot, festivalstøtta og regionale sentra.
 - ii. Vi har hatt møte med Norsk musikkråd for å diskutere plassen til organisasjonar som har både yrkesutøvarar og frivillige lag som medlemmer.
 - iii. Norsk kulturråd har lansert portalen www.immateriellkulturarv.no, som er eit nasjonalt oversyn over immateriell kulturarv i Noreg. FolkOrg har levert inn skildring av kappleik som kulturarv.
 - iv. Vi har hatt besøk av den kinesiske kulturattacheen i Norge, Yiping Li, hennes kollega Ms Fu og Rigmor Johnsen.
 - v. Vi har hatt møte med Stephen Manuszak og Susan Chandler frå Arts Midwest in Minneapolis, der vi orienterte litt om arbeidet til FolkOrg, og dei om turneane dei organiserer i ulike byar i Midt-Vesten.
 - vi. Dagleg leiari er leiari i valnemnda i Kulturalliansen og sit i valnemnda for Musikkutstyrssordninga.
- e. Særskilde satsingar
- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
 1. Vi gir rettleiing til potensielle søkerar til det store rekrutteringsprosjektet i FolkOrg.
 - ii. Folkedans:
 1. Vi samarbeider med Eva Fischer om ein ny pris til lag som driv med dans.
 2. Vi var på samrådingsmøte for folkedansen
- b) FolkOrg har måtte gjøre justeringar i våre retningsliner for Frifond Organisasjon, på grunn av endringar i dei sentrale retningslinene.

Vedtak: Styret tok orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2017/18 Årets lokallag NB! Konfidensiell

Hilde Reitan sit som styreleiar i Vågå spel-og dansarlag, og er difor inhabil i denne saken.
Ho var difor ikkje til stades under handsaminga.

Vedtak .

1. Dei nominerte laga er Spelemannslaget Fjelljom, Voss spelemannslag og Vågå spel- og dansarlag.
2. Vi kjem tilbake seinare i år med ei sak der vi drøftar det vidare arbeid kring utnemning av "Årets lokallag".

Styresak 2017/19 INTROfolk

Vedtak:

- a) Vi går i dialog med folkemusikksentra, Førdefestivalen og Riksscenen, om vidare samarbeid om INTROfolk
- b) Vi søker tilskot frå Norsk Kulturråd til ny runde med INTROfolk i 2018 og 2019.
- c) Vi legg inn kr 50 000 i netto utgift til INTROfolk i 2018 og 2019.
- d) Dersom vi ikkje får tilskot frå Norsk kulturråd kjem saken opp på nytt i styret i FolkOrg.

Styresak 2017/20 Offentleg publisering

Styret drøfta problemstillingane og ga innspel til vidare arbeid kring retningsliner og framgangsmåtar når det gjeld offentleg publisering.

Styresak 2017/21 Ny pris på Landskappleiken

Vedtak: Styret i FolkOrg tek imot tilbodet om å dele ut ein ny pris årleg på Landskappleiken tom 2021. Prisen går til lag som jobbar medvite med å skape eit godt læringsmiljø blant born og unge som dansar folkedans.

Styresak 2017/22 Framlegg til saksframlegg for rekneskap 2015

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til saksframlegg for rekneskap 2015.

Styresak 2017/23 Framlegg til saksframlegg for rekneskap 2016

Vedtak: Administrasjonen lagar eit saksframlegg til landsmøtet på bakgrunn av merknadene til rekneskap 2016.

Styresak 2017/24 Revidert langtidsplan med særskilde satsingar

Vedtak: Styret godkjenner revidert langtidsplan med nokre mindre endringar, som sitt framlegg til landsmøtet.

Styresak 2017/25 Revidert budsjett 2017

Vedtak: Styret godkjenner revidert budsjett 2017 som sitt framlegg til landsmøtet, med desse tillegga:

- Vi set av kr 50 000 frå eigenkapitalen til arbeidsgruppa for å sjå på problematikken kring TONO for tradisjonsmusikk.
- Vi set av kr 50 000 av eigenkapitalen til FolkOrg si rekrutteringsordning, på bakgrunn av overskot på Meisterkonserten i operaen.

Styresak 2017/26 Budsjett 2018 og 2019

Vedtak: Administrasjonen lagar framlegg til budsjett for 2018 og 2019 på bakgrunn av innspela i møtet. Framlegget blir handsama per e-post før det blir sendt ut med landsmøtepapira.

Styresak 2017/27 Årsmelding 2016

Vedtak: Styret godkjenner årsmelding 2016 som sitt framlegg til landsmøtet.

Styresak 2017/28 Gjennomgåande medlemsskap

Vedtak: Styret tilrår landsmøtet å gå tilbake til gjennomgåande medlemsskap i FolkOrg med ei overgangstid på 3 år. Ny formulering i vedtekten § 4: Lokale lag kan samarbeide distriktsvis gjennom områdelag. Alle lag tilslutta eit områdelag som er innmeldt i organisasjonen, skal vere tilslutta organisasjonen.

Styresak 2017/29 Godkjenning av saksframlegg om endring i tevlingsreglement

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til saksframlegg om endring i tevlingsreglement.

Styresak 2017/30 Godkjenning av saksframlegg om medlemspengar

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til saksframlegg om medlemspengar.

Styresak 2017/31 Planlegging av landsmøtet

Vedtak:

- a) Valnemnd: Renominasjon på Aslak Brimi og Torun Raftevold Rue. Ny nominasjon: Jan Kåre Bjørkås.
- b) Ordstyrarar: Styret kom med framlegg til ordstyrarar.
- c) Styret vedtok fordeling av arbeidsoppgåver.

Styresak 2017/32 Eventuelt

TONO: styret gir arbeidsgruppa mandat til å arbeide vidare med problemstillinga kring TONO og tradisjonsmusikk. Administrasjonen utarbeider eit framlegg til mandat som vert handsama per e-post.